



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1268 - 14/11624

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

23.10.2014

Delingssak gbnr 28/1 Kvalheim nedre - søknad om deling - eksisterande naust - dispensasjon i frå plankrav i kommuneplan - oversending av vedtak for klagevurdering

OVERSENDING AV VEDTAK TIL KLAGEVURDERING ETTER POLITISK HANDSAMING

Saka gjeld søknad om deling av naustetomt til ekisterande naust.

Planstatus

Eigedommen er i kommuneplanen satt av til arealføremål naust, men det er krav om reguleringsplan for området før tiltak kan skje. Det er søkt om dispensasjon frå plankrav og søknaden er handsama etter pbl § 19-2.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 15. oktober 2014, der følgjande vedtak vart fatta:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 082/2014

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

PLT - vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå plankrav og løyve til deling av gnr 28 bnr 1 til naustføremål, på følgjande vilkår:

- 1. Naustetomta kan ha ein storleik på inntil 60 m2 og plasserast som omsøkt. Løyvet til deling gjeld areal på land, ikkje areal i sjø.*
- 2. Kommuneplanen skal gjelde.*
- 3. Parsellen må ha tinglyst rett til tilkomst og parkering. Erklæring om rettar/pliktar må leggjast fram for kommunen for tinglysning.*
- 4. Den frådelte parsellen skal ikkje ha eige gards- og bruksnummer, men vere tilleggsareal til*

eigedom i Radøy kommune med gbnr 28/3.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksframstillinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og § 19-2 jf. § 11-6 (disp frå kommuneplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post eller på telefon 56349058.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Delingssak gbnr 281 Kvalheim nedre - søknad om deling - naust - melding om vedtak

Delingssak gbnr 28/1 Kvalheim nedre - parsell for eksisterende naust - dispensasjon frå krav om regulering

Delingssak gbnr 28

Delingssak Gbnr 28/1 Kvalheim Nedre - søknad om dispensasjon

Søknad (L)(8624)

Nytt kart 1.1

Delingssak gbnr 28

Delingssak gbnr 28/1 Kvalheim nedre - søknad om deling - naust

Naust, fradeling 002

Naust, fradeling 003

Naust, fradeling 005

Delingssak gbnr 28/1 Kvalheim nedre - søknad om deling - naust - nytt kart og nabovarsel

Delingssak Gbnr 28/1 Kvalheim Nedre - Søknad om deling - nabomerknad

naust delingsak28.1 Kvalheim

Delingssak gbnr 281 Kvalheim nedre - søknad om deling - naust - mellombels svar

Registrerings skjema+utlevering+av+personopplysningar+frå+matrikkelen

Kart

Kopi til:

Bjørn Kåre Vågenes

Advokat Vegard Nataas

Tollbodalmening 5004
1B

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN